



Rema 1000 Lindås

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/32 - 16/11941

Saksbehandlar:  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
ftm@lindas.kommune.no

Dato:  
02.05.2016

## Brot på alkohollovgjevinga - Rema 1000 Lindås.

Vedlagt følgjer vedtak.

*Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.*

Med helsing  
Tove Mette Arnø Fyllingen  
avdelingsleiar

*Dokumentet er signert elektronisk.*



Andre mottakarar:

Rema 1000 Lindås

Terje Sætre

# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
032/16	Formannskapet	PS	28.04.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Terje Sætre	16/32

## Brot på alkohollovgjevinga - Rema 1000 Lindås.

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

For mangelfullt internkontrollsystem blir Rema 1000 Lindås belasta med 2 prikker, jfr. Lindås kommunes gjeldande alkoholpolitiske plan pkt. II – 2.10 «Reaksjonar ved brot på alkohollova.»

Grunnlaget for prikkbelastninga er alkoholkontrollrapport av 21.12.2015. Viser også til alkoholforskriftens kapittel 8 om interkontroll: § 8-1, § 8.2 og § 8.3.

Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 4 kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland.

Klagefristen er 3 veker, jfr. forvaltningslova § 29. Høvet for klage må nyttast før det i tilfelle blir reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månadar frå det tidspunkt underretning om klageavgjerd er kome fram til klagar, jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13.august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.

### Formannskapet - 032/16

#### **FO - behandling:**

#### **Fellesframlegg:**

Som rådmannen sitt framlegg med tillegg, vedteke 08.04.2016, frå kontrollutvalet for alkohol.

Framlegget vart samrøystes vedteke.

#### **FO - vedtak:**

For mangelfullt internkontrollsystem blir Rema 1000 Lindås belasta med 2 prikker, jfr. Lindås kommunes gjeldande alkoholpolitiske plan pkt. II – 2.10 «Reaksjonar ved brot på

alkohollova.»

Grunnlaget for prikkbelastninga er alkoholkontrollrapport av 21.12.2015. Viser også til alkoholforskriftens kapittel 8 om interkontroll: § 8-1, § 8.2 og § 8.3.

Hyppige alkoholkontrollar på salsstaden blir å iverksette.  
Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 4 kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland.

Klagefristen er 3 veker, jfr. forvaltningslova § 29. Høvet for klage må nyttast før det i tilfelle blir reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månadar frå det tidspunkt underretning om klageavgjerd er kome fram til klagar, jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13.august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.

#### **Saksopplysningar:**

##### **Politisk handsaming**

Saka skal til uttale i Kontrollutvalet for alkohol.

Saka skal avgjerast i Formannskapet

#### **Uttale frå Kontrollutvalet for alkohol – møte 08.04.2016**

Kontrollutvalet for alkohol slutta seg samrøystes til rådmannens framlegg – med følgjande tillegg:

*«Hyppige alkoholkontrollar på salsstaden blir å iverksette».*

Uttalen frå Kontrollutvalet for alkohol blir etter dette:

*For mangelfullt internkontrollsystem blir Rema 1000 Lindås belasta med 2 prikker, jfr. Lindås kommunes gjeldande alkoholpolitiske plan pkt. II – 2.10 «Reaksjonar ved brot*

*på alkohollova.»*

*Grunnlaget for prikkbelastninga er alkoholkontrollrapport av 21.12.2015. Viser også til alkoholforskriftens kapittel 8 om interkontroll: § 8-1, § 8.2 og § 8.3.*

*Hyppige alkoholkontrollar på salsstaden blir å iverksette.*

*Kommunens einskildvedtak etter alkohollova kap. 4 kan påklagast til Fylkesmannen i Hordaland.*

*Klagefristen er 3 veker, jfr. forvaltningslova § 29. Høvet for klage må nyttast før det i tilfelle blir reist sivilt søksmål. Søksmålet må vere reist innan seks månadar frå det tidspunkt underretning om klageavgjerd er kome fram til klagar, jfr. Lov om rettergangsmåten for tvistemål av 13.august 1915 nr. 6 §§ 435 og 437.....*

## **Bakgrunn**

Alkoholkontrollen har følgjande merknad i sin rapport av 21.12.2015 – Rema 1000 Lindås:

*«FORHOLD VED INTERNKONTROLL:*

*Bedriften har ikke ivaretatt forhold vedr. internkontroll for salg av alkohol. Det foreligger ikke rutiner vedr. salg av alkohol. Likeledes dokumentasjon for tilstrekkelig opplæring. Kontrollene i 2015 har avdekket at ansatte ikke kontrollerer legitimasjon ved salg av alkohol på en tilfredsstillende måte. Kunder har også formidlet til salgs- og skjenkekontrollen at personer under 18 år kjøper alkohol ved salgsstedet.»*

I skriv av 04.01.2016 frå kommunen fekk salsstaden høve til å gi uttale om rapporten innan 2 veker.

I skriv av 12.02.2016 vart salsstaden informert om at kommunen vurderar å prikkbelaste forholdet.

I mail av 22.02.2016 skriv Rema 1000 Lindås v/Kjartan Tellevik følgjande:

*«.....Vi må få en rettferdig sjans til å i møte komme det alkoholkontrolløren har rapportert inn før det blir prikkbelastet. Eg meiner at våre rutiner er ganske god, men at ordlyden i skrivet og plakat som henger på spiserom til de tilsette skal endres slik eg og alkoholkontrolløren har snakket om.*

*Vi skal ha personalmøte 02. mars der vi skal gå igjennom våre rutiner på nytt og kor eg skal ha klart ny ordlyd i papirene.*

*Rema 1000 har også egen sentralt utarbeid «salg av alkohol prøve» som alle ansatte har signert gjennomgått, lest og forstått på. Dette en nettbasert opplæringsplan kaldt KLHD.*

*Slik eg ser det har vi vert uheldig med at juvente har fått kjøpt alkohol hos oss og det er jo selvfølgelig sterkt beklagelig og ikkje godt nok i det hele tatt. For at vi nå og i framtiden skal forhindre at dette*

*Skjer igjen vil selvfølgelig alkoholsalg blitt satt ekstra på dagsorden hva gjelder*

informasjon og sekundering ukentlig, dette arbeidet er vi godt i gang med.  
Håper med dette at vi kan få en ny sjans til å bevise at vi faktisk tar dette på alvor, før vi blir prikkbelastet av kommunen.»

I mail av 23.02.2016 kommenterer alkoholkontrolløren saka ytterlegare:

«Vedr. kontrollen hos Rema 1000 på Lindås den 21. desember 2015. Denne kontrollen var også en oppsummering av flere kontroller gjennomført i 2015 og delvis 2014. Styrer av salgsløyve Kjartan Tellevik var selv tilstede. Vårt behov for å ha en dialog med Tellevik, var at det over tid har fremstått som klart for oss at ansatte ikke gjennomfører tilstrekkelig kontroll av alder ved salg av alkohol. Det har gjennom kontrollene ikke blitt avdekket salg av alkohol til kunder under 18 år. Men foreldre av ungdom under 18 år har kontaktet undertegnede og vist til at ungdommene har opplyst at de har kjøpt alkohol ved Rema 1000 Lindås. Likeledes kom også forholdet vedr. Juvente sin kontroll.

Utover i 2015 videreførte vi og intensiverte vi kontrollen av hvorledes ansatte gjennomførte kontroll av alder ved salg av alkohol. Vårt tidligere inntrykk av at ansatte ikke gjennomførte en tilstrekkelig kontroll av alder ble forsterket. Selv når kunder i aldersgruppen mellom 18 og 25 år kjøpte alkohol og betalte kontant ble det ikke spurt etter legitimasjon. Vår oppfatning ble etter hvert at Rema 1000 ikke hadde tilstrekkelige rutiner for hvorledes ansatte skulle opptre ved salg av alkohol. Ved gjennomgang av disse rutinefant vi klare mangler. Det er riktig som Rema 1000 opplyser at ansatte har gjennomført nettbasert opplæring. Problemstillingen finner vi i butikken hvor ansvarlig leder ikke i tilstrekkelig grad har etablert rutiner som ansatte skal følge eller følger opp og veileder ansatte som ikke gjennomfører kontroll av alder på en god nok måte. .... .

## Vurdering

Alkoholforskriftens kapittel 8 omhandler internkontroll:

**«§ 8-1.** For å sikre at krav fastsatt i eller i medhold av alkoholoven overholdes, jf. alkoholoven § 1-1, skal innehavere av salgs- og skjenkebevillinger føre internkontroll med den virksomhet som drives i henhold til bevillingen, alkoholoven og bestemmelser fastsatt i medhold av alkoholoven. .... .

**§ 8-2.** I denne forskriften betyr internkontroll systematiske tiltak som skal sikre at virksomhetens aktiviteter planlegges, organiseres, utføres og vedlikeholdes i samsvar med krav fastsatt i bevillingen, alkoholoven og i bestemmelser fastsatt i medhold av alkoholoven.

**§ 8-3.** Internkontrollen skal tilpasses virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold og ha det omfang som er nødvendig for å overholde krav i bevillingen, alkoholoven og bestemmelser fastsatt i medhold av alkoholoven. Internkontrollen skal dokumenteres i den form og i det omfang som er nødvendig på bakgrunn av virksomhetens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold. Dokumentasjonen skal til enhver tid være oppdatert og tilgjengelig for kontrollmyndigheten. Internkontrollen innebærer at den/de ansvarlige for virksomheten skal

1. ha oversikt over krav i bevillingen, alkoholoven og bestemmelser fastsatt i medhold av alkoholoven som gjelder for virksomheten,

2. sørge for at ansatte i virksomheten har tilstrekkelige kunnskaper og kompetanse til å overholde kravene til virksomheten, herunder kravene til internkontroll,
3. ha oversikt over hvordan virksomheten er organisert og hvordan oppgaver og ansvar er fordelt,
4. ha rutiner for å sikre overholdelse av krav i bevillingen, alkoholloven og bestemmelser fastsatt i medhold av alkoholloven som gjelder for virksomheten,
5. ha rutiner for å forebygge, avdekke og rette opp avvik,
6. foreta systematisk og regelmessig gjennomgang av internkontrollen».

Rådmannen vurderer det slik at salsstaden har eit mangelfullt internkontrollsystem, jfr. alkoholkontrollrapporten av 21. desember 2015.

Ifølgje gjeldande alkoholpolitisk plan pkt. II -2.10 «Reaksjonar ved brot på alkohollova»

pkt. 2.3 blir manglande eller svært store manglar ved internkontrollhandboka sett som eit alvorleg brot, og blir belasta med 2 prikkar.

Tal prikkar tildelt etter Lindås kommunes prikkbelastningssystem vil ikkje kunne bli overført frå 2015 til 2016. Grunngevinga for dette er at eit nytt forskriftsfesta prikkbelastningssystem er trådt i kraft frå 01.01.2016, gjeldande for alle landets kommunar.